

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE, NAUSTDAL, HOLSEN OG HAUKEDALEN SOKN

NR. 1 MARS 2024 82. ÅRGANG





DEN NORSKE KYRKJA  
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

#### FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde  
Tlf.: 57 82 81 80  
www.sunnfjordkyrkja.no  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30  
Prost: Knut Magne Nesse  
Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen  
Prest: Carsten Langeland  
Diakon: Anita Øvreås Rusken  
Driftsleiar: Ingvar Vagstad  
Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye  
Økonomileiar: Trond Herløvsund  
Kantor: Gro Gunnarson  
Kateket: Heidi V. Styve  
Kyrkjeværje: Sissel Vartdal  
Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og  
Gry Sætre  
Prosjektleiar: Johanne Thingnes Leira

#### NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,  
postboks 90, 6806 Naustdal  
Tlf.: 57 82 81 80  
sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

#### OPNINGSTID:

Tysdagar kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.  
Sokneprest: Rigmor Frøyen  
Prest: Fredrik Bråttvik  
Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland  
Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend  
Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland  
Kantor: Erlend Os  
Kyrkjelydspedagog: Jenny Ødven Snildal  
Kyrkjelydsarbeidar: Andrine Haugen  
Lundekvam

#### FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar: Terje Sæle

#### HOLSEN KYRKJE

Reinhald: Jorunn Holsen

#### HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

#### NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Sigrun S. Savland

#### VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:  
Mette-Elin Standal Sæther

#### FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

# Nytt frå redaksjonen

Dette året er det to store jubileum: 1000-års jubileet for innføringa av Kristenretten på Moster og 750-årsjubileet for Magnus Lagabøtes Landslov. Det blir både nasjonale og lokale markeringar. Å sette seg inn i kva desse hendigane frå mellomalderen har hatt å seie for korleis vi har det i vår tid, er ikkje så dumt; vern om dei svake, menneskerettar og likeverd kan vere nokre stikkord. Når vi ser mot dei urolege stadane i verda, er både rettstryggleik, ytringsfridom og trusfridom truga. Vår fridom er ikkje ei sjølvfølge.

På Moster blir det storstilt 1000-års feiring av kristenretten. På Nasjonalbiblioteket i Oslo viser utstillinga «Med lova i hand» handskrevne eksemplar av lovboka til kong Magnus. I Sunnfjord blir Ålhus arena for 750-årsjubileet, og på kysten blir det fleire arrangement

fram mot Seljumannamesse 7. juli. Alt program er ikkje klart, men prøv å med deg nokre av arrangementa!

Kyrkjene vår, og ikkje minst kyrkjekunsten, gjer vår lokale historie levande for oss. Eit eksempel er restane av steinkyrkja frå 1200-talet som sto i Naustdal. Tårnagentane har fått vore med å studere dei.

No står påska for døra! Tradisjonen tru blir det fellesgudsteneste i Naustdal kyrkje på Palmesøndag. Då er det kjekt om det blir fullsett kyrkje! Påskeverkstad og kyrkjekaffi blir det og. Trenger du skyss for å komme dit, kan du nytte deg av kyrkjeskysse. Sjå lista bak i bladet.

*God påske!*

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

#### Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

#### Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

#### Trykk:

Printfarm, Øvre Årdal

**Frivillig bladkontingent**  
**kr. 350,-**

**Bankkonto:**  
**3705.15.33896**

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

#### VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

#### Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim. Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor

## Utgjevingsplan 2024

<b>Nr. 2:</b> Stoffrist: Onsdag 17. april I posten veke 21	<b>Nr. 3:</b> Stoffrist: Onsdag 14. august I posten veke 38	<b>Nr. 4:</b> Stoffrist: Onsdag 23. oktober I posten veke 48	(Det kan komme endringar.)
--	---	--	----------------------------



**Framsdebilde:** Påkestemning ved Naustdal kyrkje.  
Foto: Annbjørg Eiksund Hesselberg.





## TIL ETTERTANKE

AV RIGMOR FRØYEN, sokneprest i Naustdal

# Paul opplevde seg «Jaga av Jesus»

Livet tok ei heilt ny og uventa retning i 2021, for Paul Kingsnorth, ein anerkjend britisk forfattar og journalist. Då vart han døypt og medlem av den ortodokse kyrkja. Ei nyhende som overraska alle følgjarane og dei som kjende til hans forhistorie.

Paul hadde aldri hatt noko ynskje om å verte ein kristen. Tvert imot. Han hadde ofte latterleggjort og omtalt dei kristne som dumme og mindre intelligente. Sjølv hadde han leita og søkt fleire stader: i zen-buddisme, i sufisme og deretter landa han i naturreligionen «Wicca». I denne perioden byrja han å bli forstyrra i draumane sine av ein viss Jesus. Han søkte stadig etter å finne fotfeste, ei sanning – men ville ikkje at det skulle vere i kristentrua. Likevel ba han: «Dersom du fins Gud, så må du vise deg for meg.» Tilfeldigvis kom det stadig menneske i hans veg, som hadde ei kristen tru. Han vart også overvelda av kjensler – nærast slått i bakken – han kjende seg «forfølgd» av Jesus. Han opplevde det som kan likne på eit jordskjelv i livet, vart rysta i sitt innerste og livet vart snudd opp ned. I magasinet «Strekk» nr 5 2023, fortel Kingsnorth om si reise, frå å vere ateist til å finne forankring i kristen tru.

Eg kan kjenne på at trua mi er svært jordnær og lite spektakulær når eg les slike forteljingar. På same tid vert eg fascinert, berørt og bergteken av det Paul Kingsnorth fortel.

Åndelege erfaringar og opplevingar er det antakeleg fleire som kan fortelje om, enn det som kjem på trykk i blad og i bøker. Det kan vere ein terskel å snakke høgt om det. Ein kan kjenne seg litt sårbar. I mange samanhengar og miljø kan det også vere krevjande å «flagge» si kristne tru. For eigen del har eg mange gongar gode og sterke opplevingar i ei heilt vanleg gudsteneste. Når eg møter blikket til eit menneske som tek imot nattverd. Det er høgtid, av og til ei tåre, nokre gongar eit smil. Det gjev meg ei varm kjensle. Ei heilag stund. Eit Gudsmøte. Eller orda i ein salme kan treffe midt i hjarta. Løfte meg opp.

Gud rører ved oss på ulike måtar. Nokre gongar heilt uventa og ubedt. Kanskje når vi minst ventar det? I eit bibelord. Ein song. I omtanken frå ein ven. I kunsten. I naturen. I stilla. I ein draum.

Vi er på veg inn i påskehøgtida. Dagane har kvar sitt preg og si forteljing. Vi følgjer Jesus gjennom dramatiske døgn. Ned i djupet og mørket, smerte og lidning. Vener som somnar og sviktar. Håpet er knust.



Altartavla i Haukedalen kyrkje. Foto: Bodil Ø. Frøysland.

Hadde forteljinga enda med Langfredag, hadde vi inga påske å feire. Mot alle odds, stikk i strid med det vi erfarer i møte med død og avskjed: Jesus stig ut i lyset påskedagen.

Kan hende kan du finne mat for ånd, kropp og sjel i ei kyrkje i denne påska. Det kan skje eit lite jordskjelv. Når du minst ventar det. For Jesus er stadig på ferde. Utruleg nok.

Då skunda dei seg bort frå grava, redde men jublande glade. Og dei sprang avgarde for å fortelja det til læresveinane. Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: « Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. Og Jesus sa til dei: Ver ikkje redde. Matteus 28, 8-10.

## NYTT OM NAMN


# Tor-Arild Nydal Holsen takkar av etter over 30 års teneste

Tekst og foto: SISSEL VARTDAL,  
kyrkjevevje i Sunnfjord

Etter mange års trufast teneste, har Tor-Arild Nydal Holsen ringt inn til si siste gudsteneste som kyrkjetenar i Holsen kyrkje. Gjennom ein heil mannsalder har Tor-Arild sett til og hatt omsut for kyrkja og området rundt, han har vore ein sentral del av gudstenestelivet, og det er nesten ikkje den ting han ikkje har ordna og fiksa av praktiske ting. Han har sett mange prestar og andre tilsette kome og gå, men kyrkjetenaren har vore den stabile for både tilsette og råd.

Tor-Arild har utført oppgåvene sine med verdigheit og ro, med stor kunnskap om kyrkjebygget og skikkane i Holsen. Og ikkje minst med den umiskjennelege og gode latteren. Det har vore ei stor glede å ha Tor-Arild i staben. På spørsmål om kva han vil nytte den nyvunne friheita til, ser han mellom anna fram til å reise meir.

Hjarteleg takk for stor og viktig innsats gjennom mange år, alt godt for tida som kjem og ikkje minst; god reise!



*Tor-Arild Nydal Holsen.*



## Sesong- arbeidar på kyrkje- gardane?

Vi treng deg som vil arbeide med å halde det fint på kyrkjegardane i Sunnfjord kommune i perioden april til oktober. Det er størst behov i skuleferien, men og i sesong før og etter.

Det er arbeid med vedlikehald av grøntareal, lusing, planting, maling mm.

Ta kontakt med kyrkje-kontoret, tlf. 57828180, eller med driftsleiar Ingvar Vagstad, tlf. 91138732.



### Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmølsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller [ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no](mailto:ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no)



### Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?


Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: [kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com](mailto:kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com)





Plan for opprusta kjellar i Førde kyrkje. Kjelde: Arki v/ Helge Naustdal.

# Førdefjorden varmar opp kyrkja

Oppgradering av Førde kyrkje går framover. No er det varmeanlegget og toaletta i kjellaren som står for tur.

Tekst og foto:

BJØRN-HARALD HAUGSVÆR



I løpet av juni vil dei svarte røyromnane som står under benkane i Førde kyrkje forsvinne. Inn kjem nye kvite radiatorar med varmt vatn. Kyrkje vil bli stengd nokre veker medan kyrkja skiftar varmekjelde frå straum til fjordvarme.

Arbeidet starta opp i januar. Då vart romma i kjellaren tømt for å gje plass til den nye varmesentralen. Samstundes vart golvet slått opp for å legge varmekablar og bygge to nye toalett i kjellaren.

Fjernvarmeanlegget i Førde ligg på Ytre Øyrane og hentar varme frå fjorden som vert sendt i røyr rundt i Førde. Det er mange store bygg i Førde som har kopla seg på varmenettet t.d. sjukehuset, Førde-



Kjellaren i Førde kyrkje er no tømt og gjort klart for varmesentral og nye toalett.

huset og Helsetunet. Dei store røyra vert ofte lagt ned i samarbeid med Førdepakken.

Førde sokn har fått løyve frå Riksantikvaren og Fylkeskommunen til denne endringa. Vi skal kople oss på røyra som ligg i Kyrkjevegen og legge dei i gangvegen over kyrkjegarden på sørsida av kyr-



Dei svarte røyromnane vil bli bytta ut med kvite radiatorar.

kja. Så skal røyra gå på tvers under kyrkja og inn i varmesentralen. Her vert varmen ført over til radiatorane. Saman med nye radiatorar får kyrkja også eit nytt anlegg for å styre varmen.

# Glad for å vere til nytte

«By og land, hand i hand,» siterte far hennar, då Edith og Kjell gifte seg. Det var så sant som det var sagt, for oppvaksten på Kjelsås i Oslo som ho var, hadde Edith falle for bonden Kjell i Redalsgrend! Difor søkte ho på lærarjobb i Vevring då ho i 1968 var ferdig med lærarutdanninga i Bodø.

Ho glødar enno litt ekstra nå ho fortel om kor rett og godt det kjendest å hamne akkurat der saman med Kjell, i Redalen – ei grend på vegen mellom Naustdal og Vevring. Edith kom til eit nabolag som tok imot henne med opne armar – og det gode naboskapet har vart ved, til nytte og glede for alle partar.

Tekst og bilete:

ANNBJØRG EIKSUND HESSELBERG

Helg og heim har lyst til å bli kjend med nokre av dei mange som gjer ein frivillig innsats rundt om i kyrkjelydane. I dag har vi invitert Edith Gjelsvik (77) til ein samtale om livet, slik det har vore og slik det er i dag. Det skal bli ein samtale om både gleder og sorger. Ho deler gjerne tankar og minne frå eit rikt liv.

Edith er ein forlengst pensjonert lærar, som vekslar mellom eit roleg og eit aktivt liv – som både kan trivast i eige selskap og som også finn glede i å vere både sosial og nyttig. Og nyttig har ho vore – til dømes ved at ho har støtta mang ein song og salme med piano, orgel eller trekkspel. Slik er det mange som kjenner henne.

## Barndom og ungdomstid

På Kjelsås i Oslo vaks ho opp i ein kristen heim med foreldre og søster. Familien var mellom anna aktive i Kjelsås Indremisjon, og dei song mykje både heime og på møte. Far var mannskorssongar og mor song til pianoakkompagnement av Edith. Ho fekk pianoundervisning frå ho var åtte år gammal. Å vere ein aktiv deltakar



– Eg kosar meg ofte med musikk heime, det er mykje godt selskap og glede i eit piano, seier Edith.

i organisasjons- og kyrkjeliv vart lagt ned i henne i tidlege år – og det er framleis eit positivt innslag i livet.

Eg får eit bilete av ei livleg ungjente, som sykla av garde på Lagsleir på Sørlandet, starta bibel-gruppe og var med i Kristenrussen. Speidar var ho også – «Alltid beredt!» Trekkspellet, som etterkvart vart heilt utslite og måtte erstattast med eit nytt(!), kom til dømes til sin rett i eit musikk-lag i Bodø. Eg ser for meg at den entusiasmen som ho enno kan vise, sikkert var godt merkbar i dei ungdomsmiljøa der ho vanka.

## Lærar og bonde

I Bodø gav lærarskolen fordjuping i musikk og forming, begge deler etterspurde fag på ein bygdeskule på slutten av 60-talet. Ho fekk difor jobben som ho ynskte seg i Vevring - og ei særstabil arbeidskraft skulle det vise seg å vere. Bygda fekk med det same både søndagsskulelærar, misjonsforeinings-medlem og pianist. Kyrkja fekk ein habil organistvikar. I samtalen kjem vi stadig tilbake til at det ikkje var tilfeldig korleis livsvegen vart.

Gardsdrift var sjølvstekt ukjent terreng, men vart ein naturleg del av kvardagen. Er



du gift med ein bonde, går du ikkje rundt som ei byjente på besøk på landet! «Jeg måtte bli voksen.» Med denne innstillinga fall ho også godt inn i miljøet i grenda. Ho vart så godt inkludert, seier ho. Det kan vere mykje omsorg i at alle kjenner alle. Der var tre generasjonar på garden. Fint å ha svigerforeldra der så lenge dei levde, og så vart det tre born hos Edith og Kjell.

### Heimekjær

Når eg spør om ho har vore interessert i å reise som turist i inn- eller utland, forstår eg til fulle kor nøgd ho er med å vere akkurat på den plassen der Gud har sett henne. Det har ganske enkelt ikkje vore behov for den slags avveksling. Dei var jo også litt bundne heime, så lenge dei dreiv som bønder. «Jeg kunne ikke tenke meg å flytte tilbake til Oslo!» Når ho no besøker familien, barn og barnebarn – har eg inntrykk av at ho tek kortaste og mest effektive reisemåte.

### Ei markert endring

– Men no er de ikkje lenger to?

– I mange år hadde Kjell vore plaga med dårleg hjarte, fortel Edith. Det var ein del situasjonar der det var akutt behov for helsehjelp. Ho kan enno gjenkalle hjarte-i-halsen-kjensla, når det måtte gå fort i svingane på veg mot sjukehuset i Førde.

– Den vegen kan no elles vere spennande nok, også om det ikkje må gå så fort... Det var nokre år med ei underliggende spenning, men likevel kom det brått og uventa då Kjell gjekk bort, ikledd støvlar og kjeledress på traktoren heime på bøen. Naboane var også då gode å ha, men ingenting kunne redde han.

Som så mange som har vorte 'einestående' kan fortelje, har det teke tid å innsjå at dei har veksla ord for siste gong, at stolen står tom. Samstundes kjenner Edith på ein fred ved Kjell si grav. Punktum for livet her er sett, men ho veit kvar han hørde til, og at han er i Guds gode varetekt.

– Enno er det mange som treng meg, seier Edith. Barn og barnebarn, – og dei som gjerne vil ha musikken min. Det er kjekt å vere til nytte. Også i min livssituasjon kan livet ha mykje godt i seg. Eg kosar meg ofte med musikk heime, det er mykje godt selskap og glede i eit piano! Tonar vekker kjensler, eller er uttrykk for kjensler. Og så likar eg å lese, må ha boka i handa, i staden for på øyra!

Ho bur åleine og har det greitt med det. Det kjem vel med, når barn og barnebarn bur andre stader i landet. Desto kjekkare når dei kan besøke kvarandre. – Ho er også glad for at nokre av dei mange tidlegare elevane tek kontakt og kjem på besøk. «Det er skikkeleg koselig!» kjem det med eit stort smil.



Edith blar i salmeboka.

### Trua gjennom livet

– Kva har kristentrua betydd i livet ditt? vil eg vite.

– Den har vore med heile livet, som ein naturleg del av barndom, ungdomstid og vaksenliv. Der høyrer ho til, og det gjev tryggleik å vite at Gud er der, gjennom alt som livet byr på - både i gode og i vonde dagar. Ho er takksam for tida som søndagsskule-lærer, for ho fekk del i så mykje bibelkunnskap sjølv, når ho skulle formidle den til barna. Samstundes er ho tydeleg i sin respekt for folk rundt seg: Ho ynskjer sjølv sagt ikkje å tvinge denne trua på andre og har respekt for at alle må få gå i sitt eige tempo og velje sin eigen veg. «Men for meg er troen et godt fundament!»

### Hjelp på vegen

Kjenner du ikkje att Edith, seier du, – når ho blir presentert på nynorsk? Nei, talemålet er nok framleis frå hovudstaden – men på tampen av samtalen kan ho fortelje at ho er norsk-læraren sin stor takk skuldig, han som i sjølvaste Oslo let elevane skrive annakvar stil på bokmål og nynorsk.

– Skulle nesten tru at han såg for seg at Edith skulle bli lærar i Vevring!

Organisten, som lærde pianoeleven salmespel, hadde også 'ein finger med i spelet' slik at ho kunne våge å ta på seg den oppgåva.

Tilfeldig? Nei, meiner Edith.



Den norske salmeboka med besifring står velbrukt på notestativet.

# Jubileumsfeiring på Ålhus

## 27.-29. september 2024



I 2024 feirar Noreg 750-årsjubileet for Magnus Lagabøtes landslov. Landslova av 1274 la fram radikale påbod som omdanna det norske samfunnet og heile identiteten vår.

Tekst: SILJE SØREBØ,  
sokneprest i Jølster

Den riksdekkjande lovboka var den tredje i sitt slag i Europa, men den første som faktisk blei brukt. Noreg vart tidleg eit land der rett gjekk framfor makt. Som kongens stallare sat Audun Hugleiksson frå Ålhus så tett på makta som det var råd å komme i denne tida. Det vert rekna som sannsynleg at han

var ein av opphavsmennene til landslova.

I Sunnfjord kommune planlegg ein no ei storstilt markering av at landslova fyller 750 år i 2024. Vi vil utforske middelalderhistoria vår og reflektere over korleis vi tek vare på og vidarefører verdiane lova byggjer på. Både kyrkjene, skulane og biblioteka våre, lag, organisasjonar og kulturlivet elles vil bli involverte i program gjennom året. Allereie no vil vi særleg oppmode om å setje av siste helga i september 2024 til eit rikhaldig jubileumsprogram i vår eigen tusenårsstad på Ålhus. Det vil bli fagleg påfyll, marknadsdag, program og aktivitetar for ulike aldrar, kyrkjekonsert og jubileumsgudsteneste med besøk av biskop i Bjørgvin Ragnhild Jepsen.



«Utsnitt av miniatyrmaleri fra lovskriftet Codex Hardenbergianus, et illuminert håndskrift fra 1300-tallet, som viser kong Magnus Lagabøte som gir fra seg Landsloven 1274–1276.» (fra Wikipedia)

**FARSUND FLIS**  
flis for alle

Kvalitet - Kompetanse -  
God service

Nytt, stort lokale  
på Sanderplassen 10 i Førde.

Kom gjerne innom og  
sjå vårt store utval.



**arnes**  
frisørhjørne

Timebestilling  
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35  
Langebruvegen 19  
6800 Førde

**RIKKEN**

Langebruv. 26 (v/Domus)  
Førde  
Tlf. 472 56 398  
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL  
INNRAMMING  
BILDE



**Velkommen til oss!**

Elvevegen 1, Førde  
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar  
utanom torsdag . . . . . 11-15  
Torsdag . . . . . 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON



- møblar
- belysning
- gardiner
- utemøblar
- solskjerming

**MARIAS HUS**

nordisk design · interiør · møblar

Tlf. 478 39 411  
Ange dalsv. 4, Førde (Hukseth-huset)  
post@maria s-hus.no | //maria s-hus.no

**Warvik  
kvitevareservice**

Førde  
Telefon: 900 39 050,  
send gjerne melding



MOSTER

2024

# Kristenretten 1000 år

I 2024 markerar vi at det er 1000 år sidan Olav den heilage innførte kristenretten på Moster. Med dette feirer vi starten på rettsstaten Norge.


Tekst: Utdrag frå nettsida [Moster2024.no](http://Moster2024.no)

I år 1024 markerte kristenretten på Moster ein overgang frå eit tidlegare maktsamfunn til eit rettssamfunn. Då kristenretten vart vedtatt på Moster, var Norge eit attesamfunn. Kva for ætt du høyrde til var avgjerande for kva status og kva for rettar du hadde. Med kristninga kom ideen om at det finst noko som er rett, heilt uavhengig av maktforholda i samfunnet. Med kristenretten måtte lova vere i tråd med

Guds vilje. Dette gjorde at svake grupper i samfunnet, som ikkje hadde makt til å påverka kva som var rett, kunne få rettar og vern likevel. Dette gjaldt til dømes kvinner og trølar. Trølar skulle bli kjøpt fri, og folk fekk rett til å kvile på søndagar og heilagdagane. Barn kunne ikkje lenger bli satt ut for å dø, og fleirkoneri blei forbode. Kvinner fekk også etter kvart rett til samtykke i ekteskap.

Kristenretten er det fyrste norske lovverket basert på kristendommens verdier, og markerar starten på svært viktige prosessar for landet vårt. Spora etter kristenretten er framleis til stades i samfunnet vårt i dag. Derfor har vi denne tusenårsfeiringa!

Hovudmarkeringa for 1000-års jubileet for innføringa av kristenretten skal finne stad på **Moster 29. mai - 2. juni 2024**.



## Seljumannamesse 1000 år

Dette året er det to store nasjonale jubileer. Det eine er 1000 års jubileet for kristenretten på Moster. Det andre er 750 års jubileet for Magnus Lagabøte si landslov.

Tekst: KNUT MAGNE NESSE, prost i Sunnfjord

På Moster innførte man ny lov og rett i Norge. Ein av dei tinga som vart innført då, var fri på søn- og helgedagar. Vi må slutta at Seljumannamesedagen 8. juli vart fastsett som helgedag på Moster i 1024. Denne dagen er på ein spesiell måte knytt til øyane Kinn og Selja. I dei gamle lovene frå landsdelstinga finn vi to ulike formuleringar: «Messe til minne om dei heilage på Kinn og Selja» eller «Seljumannamesse». Seinare kjem forteljinga om Sankta Sunniva og hennar fylgje som kom frå kvarandre på havet og at dei stranda på øyene Selja og Kinn.

Det var difor eit ønske for prosjektgruppa å markere Seljumannamesse 1000 år både på Selja og Kinn. Og vi ynskte at det skulle vere eit fellesarrangement. Dette vil vi prøve å få til ved å bruke fjordabåten Atløy og stoppe ulike stader på vegen.

### Markering av Seljumannamesse 1000 år

Programmet er ikkje heilt klart, men ein tek sikte på avreise frå Florø laurdag morgon 6. juli.

Laurdag 6. juli blir det arrangement i Selje, og søndag 7. juli blir det Seljumannamesse på Selja.

Søndag 8. juli kjem Atløy til Måløyområdet. Måndag 9. juli blir det stopp i Kalvåg og måndag ettermiddag og kveld på Kinn og i kyrkja der.

Biskop Ragnhild blir med på reisa.

Det vert ulike arrangement og opplevingar på kvar stoppestad. Regionalt pilegrimssenter i Selje er sekretariat for jubileet, men mange lokale arrangørar, lag og organisasjonar er med på opplegget.

Det vert også Keltisk konferanse fredag 5. juli på leirstaden Fjordly ved Bryggja, med gjester frå England

ALT I

- SPORTSKLEDE
- SPORTSUTSTYR
- BARNEUTSTYR

Erdal Sport

**INTERSPORT**

Førde

**Astrid**

**Blomster**

Elvetorget, Førde

Tlf. 57 82 17 05

[astrid.blomster@interflora.no](mailto:astrid.blomster@interflora.no)

MALER RUNE

**SKILBREI**

MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!

[fb.me/malerskilbrei](https://fb.me/malerskilbrei)

[skilbreibutikken](https://www.instagram.com/skilbreibutikken)

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?  
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**

**FØRDE**

**GJESTEHUS**

**OG CAMPING**

[www.fordecamping.com](http://www.fordecamping.com) ☎ 468 06 000 • Kronborgvegen 44

# Strikk for gode formål

«Alle» strikkar, og nokon finn gode formål å strikke for; teppe til kreftpasientar i Sunnfjord og til nyfødde i Nepal.

Tekst: HANNE SCHNITLER

Helg og Heim hadde omtale av det ny-starta strikkeprosjektet «Ull&Omtanke Sunnfjord» i julenummeret 2022. Då hadde Kari Skullerud Holsen starta ei strikkegruppa med formål å produsere tepper som pårørende kunne gje til personar under kreftbehandling. Ho fekk med seg Diakoni- og miljøutvalet i Førde kyrkje, og no har dei halde på halvanna år. Korleis har det gått, ville vi vite.

Sist Helg og Heim skreiv om gruppa, var det vanskeleg å finne nokon som kun-



Fleire er med og komponerer teppe. Her er Hilde Rossnes i aksjon.



Strikking, prat og kaffi. Frå venstre og rundt bordet: Magnhild Holsen, Anne Halldis Instefjord, Anna Kjellerud Holsen (med ryggen til). Foto Hanne Schmitler

ne tenke seg å sy saman alle lappane til teppe. No har fleire tatt på seg syoppgåva, og dei har montert 42 tepper! Med 150 lappar i kvart teppe. Det blir nokre tusen lappar.

– Korleis har teppene blitt motteke?

Kari fortel at dei fleste teppe blir bestilt av pårørende som vil vise omtanke for den som har fått kreft. Difor er det ikkje så ofte vi kjem i direkte kontakt med den som er ramma. Men vi har fått helsingar frå fleire mottakarar som har blitt svært overraska og glade for gåva. Det ligg jo omtanke både frå dei som strikkar og frå dei som gir. Mange som er under cellegiftbehandling blir lett frosne, og då er eit godt og varmt ullteppe godt å ha. I etterkant av behandling kan fleire kjenne på lite krefter og auka trøtteleik. Kanskje hjelper det ørlite grann å kjenne varmen og omtanken frå alle som strikkar.



Kari Skullerud Holsen fortel om «Ull & Omtanke Sunnfjord» på temakaféen til Kreftforeningen.





*emphol, Ragnbild Hukseth, Hilde Rossnes og Kari Skul-*

Kari fortel at sidan oppstarten i oktober 2022 har til saman 25-30 damer vore innom strikketreffa annankvar måndag på Førde kyrkjetun. Grappa har kontakt med kreftkoordinator Berit Ullebust i Sunnfjord kommune. Ho har invitert grappa til å informere om «Ull&Omtanke» på temakaféen til Kreftforeiningen. Teppene blei og vist fram ved Kreftforeiningen sin stand på arrangementet «Stafett for livet».

Kari fortel at det er plass til fleire på strikketreffa. Strikketreffa er ope for alle, og det er berre å stikke innom. Ta gjerne med matpakke. Datoar finn du bak i bladet. Vil du gje vekk eit teppe, kan du ta kontakt med Kari Skullerud Holsen på tlf. 976 23 905. Du kan og ta kontakt via facebookgrappa «Ull&omtanke Sunnfjord». Det ligg teppe klar til å bli gitt vekk!



*Babyteppe ligg klare til sending til Okhaldunga sjukehus i Nepal. Foto: Ingrid Wettre Erdal*

## Strikk til nyfødde i Nepal

I Naustdal er ei gruppe damer med på eit anna strikkeprosjekt.

Ruth Berit Garfors fortel: – Vi er 5-7 damer som starta i 2001 og har holdt på sidan. Vi ville vere ei aktiv gruppe og fant hjelpeprosjekt som vi ville arbeide for. Først hadde vi eit samarbeid med Sunnfjord folkehøgskule der vi hjalp kvinner i India med å skaffe seg symaskinar slik at dei kunne tene pengar til familien. Då laga vi mange ting som vi lodda ut på basar.

Etter dette har vi no i fleire år strikka teppe og babytøy til Okhaldunga sjukehus i Nepal. Vi sender kassar med varer til Nepal, og dei deler ut til kvinner som føder på sjukehuset. Vi har også ei lita utlodding kvar gong vi møtast, og pengar frå dette går til pasientstøttefondet ved sjukehuset. Det gjer at pasientar som ikkje kan betale for behandling eller medisinar likevel får den hjelpa dei treng. Vi har heile tida fått brev frå sjukehuset i Okhaldunga slik at vi held oss oppdatert om det som skjer på

sjukehuset. Eit norsk par, Kristin og Erik Bøhler, jobba der tidlegare som utsendingar frå Normisjon, og dei var flinke til å formidle frå arbeidet der. Ein kan lese meir om sjukehuset i Okhaldunga på Normisjon sine heimesider.

Dette var litt om oss, avsluttar Ruth Berit. No ser ho fram til neste gruppesamling som går på rundgang i heimane. Det betyr mykje å treffast, og er ekstra gjevande når ein har eit formål å samlast om.



*Varme strikkeplagg kjem godt med i vinterkulda i Nepal. Foto: Ingrid Wettre Erdal*





*Kjekt å samlast på Vi-over-60-fest på Holsen skule.*

## Vi-over-60-fest

Laurdag 10. februar hadde soknerådet i Holsen og Haukedalen og diakoninemnda invitert til den årlege Vi-over-60-festen.

Tekst og foto: BODIL ØVSTHUS FRØYSLAND

Denne gongen samlast folk frå både Holsen og Haukedalen til fest på Holsen skule. Odd Schei opna festen på ein sta-

## Familiedag for Holsen og Haukeda



*Leik for dei minste. Foto: Laila Marie Nydal*

Laurdag 20. januar var det nok ein gong FAMILIEDAG på Holsen skule.

Tekst: UTE LINDNER, kyrkjelydspedagog

Barn opp til 12 år frå begge sokna var invitert til familiedagen, saman med foreldre og besteforeldre. Denne gangen var det også bokutdeling.

Tross masse snø og dårleg føre kom det mange. Vi starta med pølse i brød og kaffimat. Så var det forteljing om ein rik mann som ikkje hadde vener. Han måtte faktisk klatre opp i eit tre for å møte Jesus. Og så blei heile hans liv forandra... Etterpå var det spørsmål til dei større barna: Korleis trur du det gjekk vidare med Sakkeus?

Så var det song med Rune Molvik og bokutdeling til dei som hadde fylt 4 og 5 år i 2023. Leikar var laga til spesielt for



*Utdeling av bøker til 4- og 5-åringane. Foto: Laila Marie Nydal*

dei minste, og nokre aktivitetar om temaet for dei større. Lykkehjulet må vi heller ikkje gløyme. Vi hadde det veldig kjekt saman.

Tusen takk til soknerådet i Holsen og Haukedalen for førebuing både med invitasjonar og rom; dei stilte også med mat og hjelpte til undervegs. Utan dei hadde vi ikkje greidd det.



# på Holsen

seleg måte ved å blåsa i lur. Han bidrog seinare med variert musikk saman med Rønnaug og Gunnar Bolset. Ingvald Frøyen hadde kåseri og snakka blant anna om levd liv, og at menneske ein møter er meir enn det ein ser der og då. Det vert ingen fest utan god mat, og soknerådet ordna til varm suppe og gode kaker til kaffien. Det vart tid til ein bordkonkurranse også. Praten gjekk rundt borda og det verka som at alle hadde ei triveleg stund i godt lag.

# len



e Nydal

## Besøkstenesta i Førde sokn

Har du tid og lyst til å vere med å ha ei meningsfull oppgåve? Nokre personar er allereie med i besøkstenesta i Førde, men det er plass til fleire. Diakon Anita Øvreås Rusken har ansvaret for tilbodet. Dei som er nye får rettleiing, informasjon om teieplikt, skriftleg avtale og tilbod om oppfølging. Anita er med på det første heimebesøket.

# Er det rotter i kyrkja?

Vi har lenge hatt ein mistanke om at det kan vere rotter i Førde kyrkje, og no fekk vi bekrefta det.

Tekst: GRY SÆTRE.

Foto: ANITA Ø. RUSKEN

Søndag 11. februar vart det vist dokketeater for barn i kyrkja. Teaterstykket heiter «Kirkerottene og katten», og dei 64 barna og like mange vaksne som var samla, vart dratt inn i historia om korleis rottene hamna i kyrkja. Vi fekk også høyre historia om den barmhjertige Samartan.

Sidan framsyninga var på Fastelavns-søndag kom barna utkledd, og etter teaterframsyninga fekk alle smake bollar med krem og lage seg fastelavnsris. Til slutt hadde vi ei samling med karnevalsongar og vandring rundt i kyrkja.

Dette vart ei kjekk og innhaldsrik samling for både barn og vaksne. Takk for samarbeidet med NMS si kvinnegruppe; turmisjonsgruppa «Kvinner i siget» som laga bollane! Takk og til andre frivillige som hjelpte til!



Dokketeater er populært.



Det er mykje å undre seg over i kyrkja, synest Isac Dahl Skårhaug.



Modellen viser korleis steinkyrkja kan ha sett ut. Foto Arne Kleiva.

## Mellomalderkyrkja i Naustdal

I Naustdal har det vore kyrkje i fleire hundre år. Tidleg på 1200-talet vart det bygd ei kyrkje av stein på same staden som den kvitmåla kyrkja står no.

Tekst: JENNY ØDVEN SNILDAL

Steinkyrkja hadde plass til 363 personar og var noko mindre enn den som er i bruk i dag. I kyrkjeskipet var to benkerader med 14 benkar på kvar side. Det var og galleri langs heile nordre langsida og på vestveggen, på desse var det to benkerader.

Innvendig var kyrkja kvitkalka. Utvendige hjørne, bogar over dører og glas og korbogen var av kleberstein. Korbogen er teken vare på og står i dag som

portal i kyrkjegardsmuren på nedsida av kyrkja.

### Inventar frå mellomalderen

Ein del av inventaret frå mellomalderkyrkja vart selt då kyrkja vart riven. Preikestolen med himling og altertavla vart funne i seinare tid og er no på museum i Bergen. Ein utflytt naustedøl fann krusifikset på ein antikvitetsauksjon i Oslo, han kjøpte det og gav det tilbake til Naustdal. Krusifikset heng framme i koret.

Døypefonten og nattverdsutstyr frå mellomalderkyrkja er i bruk i kyrkja dag.

### Kyrkja i privat eige

Kyrkja var i privat eige fram mot slutten av 1856. Futen Hans Thiis Nagel var eigar av Naustdalkyrkja, og då han døydde i 1769 vart den overdrege til sonen Jens Worm



I koret heng krusifikset frå mellomalderkyrkja. Foto Arne Kleiva

Nagel og svigersonen, sorenskriver H. Arentz. Det var etter kvart stor misnøye retta

mot eigarane av kyrkja. Den viktigaste misnøya var at kyrkja var for liten, den var dårleg vedlikehaldt og den var kald. Kyrkja hadde truleg ikkje oppvarming.

I brev datert 5. april 1854 til formannskapet refererer soknepresten frå siste visitasemøte, der vart det påpeika at kyrkja var for lita og trong snarleg utviding. Det vart kravd av eigarane at dei skulle delta i utvidingskostnadane. Eigarane kom med tilbod om at kommunen kunne overta kyrkja. Det vart teke takst og kyrkja vart overteke for 1400 spd. Summen vart skaffa ved private lån.

Deretter følgde ein lang periode med mange drøftingar. Det var forslag om å utvide kyrkja slik at den fekk 600 sitjeplassar, men dette ville øydelegge kyrkja sitt særpreg. I 1887 låg det føre ei innstil-





Altartavla frå den gamle kyrkja er i Kyrkjekunstsamlinga ved Universitetsmuseet i Bergen.

ling om at det måtte byggast ny kyrkje, av tre og med 700 sitjeplassar. Det vart starten på ein vond strid om å bevare eller rive gamlekyrkja.

### Steinkyrkja blir rive

I 1888 vedtok Naustdal sognestyre å rive steinkyrkja og å bygge ei ny kyrkje på same tomt som steinkyrkja. Mesteparten av murane vart nytta

til berelag under søyler og bjelkelag og delvis i yttermurane.

Den nye kyrkja vart vigs-la 9. september 1891. Og restane etter mellomalderkyrkja fekk tårnagentane i Naustdal studere då dei var på skattejakt i kyrkja.

*Kjelde: Naustdal kyrkje 1891-1991.*



Gamlekyrkja, illustrasjon.



Fem ivrige tårnagentar i Naustdal kyrkje.

## Kva er den viktigaste skatten i Naustdal?

### Tårnagentar på skattejakt i Naustdal kyrkje

Tekst og foto:  
JENNY ØDVEN SNILDAL

Ei helg i januar var 16 tårnagentar samla i Naustdal kyrkje. Formålet med samlinga var å bli kjent i kyrkja, finne ut kva ei kyrkje eigentleg er for noko, kva den vert brukt til og kva skattar og verdifulle ting som er der.

Agentane måtte løyse ulike oppgåver og leite etter forsvunne skattar. Ei av oppgåvene var å bygge ei kyrkje av treklossar. Korleis skal ei kyrkje sjå ut og kva må eigentleg vere med for at det kan kallast ei kyrkje?

Kva er eigentleg ein skatt? Noko verdifullt, det var alle ei-

nige i. Agentane leita etter forsvunne kyrkjesølv, og heldigvis fann dei det. Rigmor prest viste fram ein messehakel frå 1785 og nattverdsutstyr frå gamlekyrkja. Verdifulle skattar for kyrkjelyden i Naustdal.

I tårnet heng det to klokker i ulik storleik. Agentane var ein tur opp i tårnet for å sjå på klokkenene. Nokre kom ned igjen, litt skuffa, dei hadde tenkt at klokkenene var større.

Under kyrkjegolvet fann dei restar av mellomalderkyrkja, stein, som er brukt både til utvendige murar og til berelag under støtter og bjelkelag.

Den viktigaste skatten i Naustdal? Den såg dei i ein spegel bak alteret.



Kor mange gonger har denne kyrkjeklokka ringt inn til gudsteneste og andre hendingar? Ho er frå 1702.



# Naustdal kyrkje – utside og innside

Naustdalskyrka er visst eit av dei kjæraste fotomotiva når folk i bygda tek bilete, det viser eit søk på «Naustdal i bilete» på Facebook. Kyrkja gjennom alle årstider, i fullt solskin, eller med anna spennande lys.

Tekst: Annbjørg E. Hesselberg / Fredrik Bråttvik

Bilete: Jan N. Erdal, Fredrik Bråttvik

Vi har spurt Jan N. Erdal, som har så mange blinkskot frå Naustdal, om å få bruke eit av bileta hans. Han har plukka ut eit bilete som han tok julaften 2021. Biletet avspeglar pietet og tradisjon med dei mange gravlysa. Samstundes lyser det varmt og innbydande frå kyrkjevindauga.

Kyrkja har jo både ei utside og ei innside, bokstaveleg tala. Dessutan har kyrkja ei innhalds-side. Er det slik at mange kan ha ei oppfatning – sett frå utsida - av kva kyrkja er og gjer, kanskje utan å undersøke det nærare? Er det som går føre seg der inne aktuelt for meg, for min familie?

Nokre meir ukjende samlingar har kome til det siste året. Her vil vi setje lys på to slike:

## MØTEPUNKT

Det er observert folk i fleire generasjonar på veg til kyrkja nokre søndags ettermiddagar i det siste. Dei som har vore der ein gong, kjem gjerne tilbake, og tek med seg nye. – Kva er dette, Fredrik prest?

Han deler gjerne: Som ny her ser eg at mange har eit godt forhold til kyrkja i Naustdal. Vi som steller med innhaldet, ynskjer at den skal bli brukt endå meir, at det skal vere lav terskel for å komme i kyrkja og bli kjend med nye.

Kjernen i flokken som kjem på Møtepunkt er unge vaksne,

med eller utan barn. Men alle er like velkomne, alle som synes det kan vere fint med band-musikk og ei anna form på samlinga enn ei tradisjonell gudsteneste - og som synes det er positivt at det vert bygd fellesskap litt på tvers. Opplegget er enkelt: Vi tek til kl 17.00. Etter nokre felles songar / salmar og ein andakt er det tid for bordfelleskap og kveldsmat. Det er spesielt kjekt med kveldsmaten, der vi kan bli betre kjende med kvarandre. Neste samling er 7. april.

## TIDEBØN

Annakvar onsdag kl 10.30 kan du vere med på tidebøn i kyrkja i Naustdal. Kva er no eigentleg dette, Fredrik? - Mange kan gjerne bli usikre på det som er ukjent, og er uvisse på om dei kan møte opp. Difor litt kort om kva dette er: Tidebøna / morgonbøna varer ein liten halvtime, og det er ikkje så mystisk som det kan høyrast ut. Ved å møtast i kyrkja finn vi ro i det heilage rommet. Presten leier oss trygt gjennom ein enkel liturgi, med vekslesing av

bibelske salmar. Vi syng gjerne ein enkel salme frå Salmeboka. Så får vi med oss velsigninga, tenner eit lys for dei vi tenkjer på, og går ut i dagen og veka vidare. «Onsdagskafeen» på kyrkjelydshuset opnar kl. 11.00, så her kan vi halde fram saman - om vi har tid og høve!



**FARGERIKE**  
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERIØRKJEDE

**Førde Fargehandel %s**

TLF. 57 82 99 50  
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER



NORDISK KJØKKENDESIGN

**JKE**  
NORDIC KITCHEN DESIGN

Hafstadv. 34 (Bergegården)  
6800 Førde - tlf. 913 11 837  
ms@jke-forde.no







- Designmøblar
- Eldstader for hus og hytte
- Montering - rehabilitering

**ATLE an**  
**NAUSTDAL**

Naustdalsvegen 5, Førde  
Tlf. 57 82 13 76

**VARMEFAG**



**Naustdal**  
Dampbakeri

KVALITET  
GJENNOM  
GENERASJONAR

57 72 41 40  
dampbakeriet.no

*Reiakvam*

- Din fotograf i Førde sidan 1946

57 82 19 77 / foto@reakvam.no  
reakvam.no

Gode tilbud på flis, beleggingsstein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

**Boligkompaniet**

www.boligkompaniet.com  
tlf. 906 19 654



### Finn din nye bustad hos oss!

Moderne og lettstelte leilegheiter.  
Kom gjerne innom oss for ein prat, Halbrendssøyra 2 i Førde.  
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00

HELLVIK HUS

Gravdalgruppa

*Gravminne*  
*finn du hos oss*



**FAGMILJØ**

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

### Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparasjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparasjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



**Roger Pettersen A/S**

OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR  
6810 Førde - tlf. 907 32 380

**HELLENES**  
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL



**EXTRA**

NAUSTDAL



**Best**

NAUSTDAL

# GUDSTENESTER

Velkommen til kyrkje!

## SØNDAG 24. MARS

### PALMESØNDAG

Naustdal kyrkje 11.00 Felles familiegudsteneste for alle sokna.

## ONSDAG 27. MARS

Naustdal kyrkje 10.30 Morgon-/ tidebøn

## TORS DAG 28. MARS

### SKJÆRTORS DAG

Førde kyrkje 19.00 Nattverdsgudsteneste  
Haukedalen kyrkje 19.00 Nattverdsgudsteneste  
Naustdal kyrkje 19.00 Nattverdsgudsteneste

## FREDAG 29. MARS

### LANGFREDAG

Førde kyrkje 11.00 Pasjonsgudsteneste  
Vevring kyrkje 15.00 Pasjonsgudsteneste

## SØNDAG 31. MARS

### 1. PÅSKEDAG

Førde kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste  
Naustdal kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste  
Holsen kyrkje 15.00 Høgtidsgudsteneste

## MÅNDAG 1. APRIL

### 2. PÅSKEDAG

Vevring kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste

## SØNDAG 7. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje 17.00 «Møtepunkt»

## ONSDAG 10. APRIL

Naustdal kyrkje 10.30 Morgon-/ tidebøn

## TORS DAG 11. APRIL

Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

## SØNDAG 14. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste

## SØNDAG 21. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje 18.00 Deltakargudsteneste for konfirmantane

## ONSDAG 24. APRIL

Naustdal kyrkje 10.30 Morgon-/ tidebøn

## LAUR DAG 27. APRIL

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## SØNDAG 28. APRIL

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Holsen kyrkje 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 5. MAI

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Vevring kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## ONSDAG 8. MAI

Naustdal kyrkje 10.30 Morgon-/ tidebøn

## TORS DAG 9. MAI

### KRISTI HIMMELFARTSDAG

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Naustdal kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Naustdal kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## SØNDAG 12. MAI

Førde kyrkje 10.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Førde kyrkje 12.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## FREDAG 17. MAI

Førde kyrkje 09.45 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje 10.30 Familiegudsteneste  
Vevring kyrkje 12.30 Familiegudsteneste  
Haukedalen kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Holsen kyrkje 12.15 Gudsteneste

## SØNDAG 19. MAI

### PINSEDAG

Holsen kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste  
Førde kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste  
Naustdal kyrkje 11.00 Høgtidsgudsteneste

## ONSDAG 22. MAI

Naustdal kyrkje 10.30 Morgon-/ tidebøn

## SØNDAG 26. MAI

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
Haukedalen kyrkje 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste

## SØNDAG 2. JUNI

Førde 12.00 Bygdsteneste ved Rådhuset

## DET SKJER

### 10-kaffi på Førde kyrkjetun

Kvar onsdag frå kl. 10.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

### Førde kyrkjekor

Øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Vil du vere med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson.

### Kyrkja i byen

Kvar torsdag frå kl. 13.30–15.30, er vi på «Storebrua» mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkomen!

### Tidebøn i Naustdal kyrkje

Sjå datoar i gudstenestelista. Vel møtt til Tidebøn med veksellesing, bøn, song, tid til stille og lystenning.

### Strikketreff

Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun

Bli med å strikke for «Ull og omtanke – Sunnfjord». Ta med matpakke, så et vi lunsj i lag.

4. og 18. mars

8. og 22. april

6. og 27. mai

### ONSDAG 20. MARS KL. 20.00:

Vårkonsert i Førde kyrkje med Førde kammerkor, Kor Førde, Cora, Førde kyrkjekor og Naustdal kyrkjekor.

### TORS DAG 18. APRIL KL. 19.00

Kor og korpskonsert i Førde kyrkje med Førde musikklag og Førde kyrkjekor.

### ONSDAG 8. MAI KL. 18.00:

Markering av Veterandagen i Førde kyrkje.





## DØYPTTE

### FØRDE KYRKJE

29. OKTOBER  
Magnus Aase Vae

5. NOVEMBER  
Leah Estelle Hopland

12. NOVEMBER  
Aurora Noelle Njosen-Storaas  
Thale Solvåg Tisthamar

Tiril Foss Flaten  
Tuva Brendsdal-Sannarnes  
*Døyp i Helgheim kyrkje*

19. NOVEMBER  
Emma Varpe Holsen

26. NOVEMBER  
Theodore Klonowski Rambjørg  
*Døyp i Sande kyrkje*

10. DESEMBER  
Sofie Liana Kolambage  
Olai Hagen Halbrend

17. DESEMBER  
Noah Nordheim

26. DESEMBER  
Anna Josefine Erchinger Botnevik  
*Døyp i Ask kyrkje*

7. JANUAR  
Milian Rysjedal Ehamparam  
Ella Marie Halbrendt

14. JANUAR  
Johannes Nydal Moldestad  
Leander Reed Husetuft

21. JANUAR  
Bastian Olemartinson Solheim Helgås  
Lukas Gjöringbø  
Alfred Nygård Gjelsvik

28. JANUAR  
Ludvik Hellebust Fjellkårstad  
Noah Berge Espeseth

4. FEBRUAR  
Ingrid Emilie Fleten Gjesdal  
Iben Høydal Klausen  
*Døyp i Birkeland kyrkje*

18. FEBRUAR  
Matilde Sunde  
Mina Marie Norevik Ølmheim  
Gaute Andre Buttedal Buene Brede  
Even Cavalcante Tefre

### NAUSTDAL KYRKJE

19. NOVEMBER  
Lea Stave

26. NOVEMBER  
Jakob Hovland Slettemark  
*Døyp på Instedalen skule*

10. DESEMBER  
Lea Bruland

## GRAVFERD

### FØRDE KYRKJE

27.10 Kirsti Nesdal Aase f.1955  
03.11 Frank Roger Walaker f.1963  
07.11 Sigmund Asheim f.1933  
17.11 Per Henning Starheim f.1949

Førde Sjukehuskapell  
24.11 Oddrun Sofia Bruland f.1941  
Førde omsorgssenter kapell

01.12 Astrid Solveig Engebø f.1937  
Førde omsorgssenter kapell

07.12 Odd Magnus Bruland f.1929  
Otto Helge Kvamsås f.1947

08.12 Vidar Ødelien f.1939  
15.12 Randi Indrebø f.1966

19.12 Reidar Tveit f.1921  
21.12 Alfred Andreas Methi f.1936

28.12 Johannes Helgheim f.1933  
12.01 Inger Johanne Loftesnes f.1936

19.01 Jarl Herstad f.1931  
Førde omsorgssenter kapell

26.01 Ivar Oddmund Seljeseth f.1932  
09.02 Oddrun Flaten f.1927

Solveig Marie Vie f.1938  
16.02 Ole-Christian Lo f.1944

22.02 Mariann Liabø f.1967  
27.02 Otto Reidar Hafstad f.1934

### NAUSTDAL KYRKJE

10.11 Jucineide Matos Lima Storegjerde f.1978  
28.11 Tor Ask f.1943 (bisetjing)

12.12. Kåre Savland f.1928  
15.12 Sigfrid Olga Hellenes f.1937

Reidar Magne Garfors f.1940  
19.12 Arny Kari Karlsen f.1950

19.01 Tyge Sandvik f.1974 (bisetjing)  
25.01 Marit Anne Nitter f.1952

### VEVRING KYRKJE

18.01 Oddlaug Underlid f.1932 (bisetjing)



## DET SKJER I PÅSKA

### PALMESØNDAG KL. 11.00

er det fellesgudsteneste for kyrkjelydane i Førde, Holsen/Haukedalen, Naustdal og Vevring i Naustdal kyrkje. Etter gudstenesta er det påskeverkstad og kyrkjekaffi på kyrkjelydshuset. Velkomen!

### SKJÆRTORS DAG


Etter gudsteneste kl 19.00 vert det kveldsmat på kyrkjelydshuset i Naustdal. Påskedag og påskeplask i Naustdal

### FØRSTE PÅSKEDAG

er alle konfirantar særleg invitert både til kyrkje og til årets første bad. Prest Fredrik er forplikta på å bade. Bålpanne med grilling og kyrkjekaffi.

### 2. PÅSKEDAG I VEVRING

Høgtid og glede, med mykje song, og påskevandring lagt til rette for barna - men passar for alle aldrar.



**Returadresse**  
Førde kyrkjekontor  
Kyrkjevegen 23F  
6809 FØRDE

# Prosjekt UNG – nytt prosjekt leia av Johanne Thingnes Leira

Kyrkja har eit uttalt mål om å nå fleire, spesielt unge og unge vaksne. Dette er synleg i Den norske kyrkja sin strategi der det mellom anna står at kyrkja skal vere «meir for fleire ved å motverke utanforskap og utforske nye måtar å vere kyrkje på».

Tekst og foto:  
SISSEL VARTDAL,  
kyrkjeverje i Sunnfjord

For kyrkja i Sunnfjord var dette marsjordren då vi søkte, og fekk, midlar frå kyrkja sentralt til prosjektet «Unge og unge vaksne i Førde». Dette er eit 3-årig diakonalt og nyskapanne prosjektsamarbeid mellom Førde sokn og Førde KFUK-KFUM, i tillegg vil prosjektet ha eit fagleg samarbeid med

kommunen. Arbeidet skal mellom anna har fokus på etableringa av den nye vidaregåande skulen på Øyrane med 1000 elevar, og der ca 300 av desse bur på hybel.

Kyrkja står sterkt i Sunnfjord, nær 93% av 15-åringane vel kyrkjeleg konfirmasjon. Ungdomane på vidaregåande skule har såleis god kjennskap til kyrkja og dei som jobbar her. Men dei kjem frå ulike grender og ulike sokn. Den nye vidaregåande skulen er ein felles samlingsstad for alle ungdommane våre. Mange unge fell utanfor det organiserte tilbodet, og har mest trong for ein trygg stad å «henge». Vi trur kyrkja kan bidra til å skape sosiale møteplassar i tilknytning til skulen, på Førde Kyrkjetun og i Førde kyrkje.

Samstundes vil vi som kyrkje noko meir. Tida vi lever i er krevjande, skiftande og utrygg. Gjennom prosjektet ønskjer vi å gje ungdom i ein viktig livsfase eit fast haldepunkt og



formidle tru på framtida. Det handlar om å møte ungdom og unge vaksne der dei er, og gje dei rom til å vere seg sjølv.

Johanne Thingnes Leira er tilsett som prosjektleiar, ho startar opp 1. mars.

Prosjektet vil bli nærare

omtalt i seinare nummer, men 1. påskedag blir det innsetjing og forbønshandling for Johanne i høgtidsgudstenesta i Førde kyrkje.

Velkommen til oss Johanne, vi gler oss stort over å få deg på laget!

## Kyrkjeskyss Førde kyrkje våren 2024

Treng du skyss til gudsteneste?

For meir informasjon kontakt kyrkjekontoret måndag-fredag kl. 09.00-15.00, tlf. 57 82 81 80, eller diakon Anita Øvreås Rusken tlf. 900 68 514.

**24. MARS  
PALMESØNDAG  
NAUSTDAL KYRKJE**

Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 99365322/91388644  
Jarle Eikenes 90563578

**31. MARS PÅSKEDAG**  
Oddbjørg Espeset tlf.  
90593295

**7. APRIL**  
Per Ingolf Nygård  
tlf. 91819561  
Cato Madsen  
tlf. 95204134

**14. APRIL**  
Gunnar Johannessen  
tlf. 91727191  
Christine Toft Figenschau  
tlf. 48275757

**21. APRIL**  
Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 99365322/91388644  
Fride Kirkebø  
tlf. 90653769

**28. APRIL**  
Oddbjørg Espeset  
tlf. 90593295

**19. MAI PINSEDAG**  
Per Ingolf Nygård  
tlf. 91819561

**26. MAI**  
Gunnar Johannessen  
tlf. 91727191

**2. JUNI  
BYGUDSTENESTE  
KL. 12.00**  
Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 99365322/91388644